

Fra: Vigdis Robak Bjørge

Sendt: 12.04.2016 11:14:03

Til: Fredrik Gabrielli

Kopi: katarina.birkeland@radoy.kommune.no; Radøy kommune

Emne: Busstilbod i Radøy

Vedlegg: Trafikkplan Nordhordland - Brev til kommunane.pdf

Hei,

Vi ber om orsaking for at de ikkje har fått svar på eposten under tidlegare.

Busstilbodet i Nordhordland skal lysast ut på nytt anbod, med oppstart sommaren 2018. I førebuinga til anbodskonkurransen er Skyss i gang med å utarbeide ein trafikkplan for området. Denne skal gje overordna føringar for rutetilbodet og danne grunnlag for detaljeringa i konkurransegrunnlaget.

Som del av arbeidet med trafikkplanen har vi bede kommunane om innspel om planar og prioriteringar kring kollektivtilbodet, der kommunane sjølv legg til rette for ønska medverknad frå ungdomsråd og andre råd, utval, interesseorganisasjonar i kommunen. Vi legg ved brevet som er sendt til kommunane til informasjon.

Av omsyn til prosessen ber vi difor om at innspel frå ungdomsrådet om betre busstilbod vert formidla til kommunen, som igjen kan ta dette med som del av si samla prioritering og tilbakemelding til Skyss.

Med venleg helsing

Vigdis Bjørge

Seniorrådgjevar – Trafikktilbod

Skyss | Postboks 7900 | 5020 Bergen

Mob.: (+47) 404 76 974 |

skyss.no | www.facebook.com/skyss.no

Fra: Fredrik Gabrielli [<mailto:fredrikgabrielli@gmail.com>]

Sendt: 17. februar 2016 16:59

Til: office@nobina.no; Skyss - Postmottak

Kopi: katarina.birkeland@radoy.kommune.no

Emne: Busstilbod i Radøy

Radøy Ungdomsråd har drøfta ei problemstilling som omfattar buss nord i kommunen.

Me opplever at busstilbodet over Radøy ikkje er tilstrekkeleg for aktive ungdommar. Etter klokka 18:00 er det utfordrande å forflytta seg til eller frå Sletta-bygda nord på Radøy. Me ynskjer å utarbeide eit betre busstilbod. Derfor kunne me tenkt oss å ha eit møte om denne problemstillinga.

Med venleg helsing Representantane frå Radøy ungdomsråd:

Fredrik Soltveit Gabrielli

Andre Fresvik Klausen

Åshild Vetås Aagaard-nilsen